

Lindås kommune v/Byggesaksavdelinga
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

avsender: Idar Molvik.

Følgebrev søknad om endring av løype og søknad om igangsetting av delar av tiltak

For tiltak på følgende eiendom:

| | |
|-------------|------------------|
| Gbnr.: | 227/12 |
| Adresse: | Molvikavegen 490 |
| Postnr/stad | 5993 OSTEREIDET |

Vi viser til søknad om dispensasjon frå avstandskrav til offentleg veg, søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel samt søknad om rammeløyve levert inn 29.12.16.

Dykkar referanse 16/3975.

Det ligg føre vedtak i høve avstandskrav til offentleg veg datert 04.01.17 og vedtak om dispensasjon og rammeløyve for omsøkt tiltak datert 21.03.17 for eigedom gbnr. 227/12.

Søknad om igangsetting omfattar oppføring av ny bustad med tilhøyrande anlegg, samt endra høgdeplassering.

Som følgje av detaljprosjektering av grunn- og terregnarbeid på eigedomen er det eit ønskje å justere høgdeplassering av bustaden.

Bustaden er godkjent plassert med mønehøgde på kote + 46,67 og planeringshøgde på kote + 39,8.

Vi ønskjer å justere høgdeplassering av bustaden slik at mønehøgde vert på kote +46,17 og planeringshøgde vert på kote 39,3 moh.

Då vi ønsker å senke bustaden si plassering i terrenget, har vi vurdert at det ikkje er naudsynt å varsle naboor på nytt jf. plan- og bygningslova § 21-3 2.ledd, første punktum.

Naboor/gjenbuarar hadde ikkje merknad til nabovarsling i samband med søknad om rammeløyve og siden bustaden no vert senka i høve varsla tiltak kan vi ikkje sjå at naboor/gjenbuarar sine interesser med omsyn til sol, innsyn, utsyn og lysttilhøve vert vesentleg påverka av at bustaden vert senka 0,5 meter.

Vi vurderer og at justert høgdeplassering er innanfor dispensasjon og vurderingar gjort ved søknad om dispensasjon og rammeløyve og vedtak datert 21.03.17.

Med helsing
Idar Molvik